



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 13/2009

Møtedato: 9.3.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Godtgjersle for fjellstyremedlem

Anne Live Garvik søker om å få dekka omsorgsgodtgjersle til barnepass i samsvar med kommunale satsar, dvs 140 kr/t for 2008. Fjellstyret har ein omsorgsgodtgjersle på 83 kr/t. For udokumentert tapt arbeidsforteneste er satsen 132 kr/t. Møtegodtgjersle er 440 kr/møte.

Fjellstyret si godtgjersle blir fastsett av kommunestyret etter framlegg av fjellstyret. Dette vart sist revidert i 2004 og er årleg indeksregulert.

For 2008 er omsorgsgodtgjersle utbetalt etter gjeldande regelverk, dvs. 83 kr/t.

Saka vart utsett i møte den 28.1.09 i påvente av gjennomgang av kommunale reglar. I sak 4/09 har kommunen vedteke nye reglar. Det vart berre gjort mindre endringar med omsyn til reisegodtgjersle for midlertidig busette utanfor kommunen.

Vedtak:

Kari Tyldum og Kjell Magne Snortheimsmoen legg fram utkast til nytt reglement for møtegodtgjersle til neste møte.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.3.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: